

Musikkforeininga

GLOPPEN MUSIKKFORUM

Glopperockfestivalen 2019

Postboks 222

6822 SANDANE

Sandane den 30.september 2019

SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesutvalet som klagenemnd. / Nærings- og Kulturavdelinga, Askedalen

6863 Leikanger. post@sfj.no

MERKNAD UTGREIING I KLAGESAK 19/9007-1 TILDELINGAR AV KULTURMIDLAR - GLOPPEROCK

Viser til vår e-post av 21.juni 2019 med merknad til vedtak i sak 18/1535-33 og klage brev 1.juli 2019. og dykkar klagebehandling i brev av 22.08.19.

Saksframstilling til klageutvalet sak 19/9007-1 som vi fann på nettsida til SFJ. Vi har ikkje motteke klage utgreiinga frå Fylkesrådmann, difor sein tilbakemelding.

Ber også om dette notatet vert lagt til klagesaka som skal handsamast av Fylkesutvalet som klagenemnd 02.10.19

1.Glopperock 2019 – regionale konsertar..

I vår søknad av 1.mars 2019 søker vi om Glopperock 2019 som i år har eit nytt konsept med konsertar på Sandane og elles i regionen. I søknaden vår står det: «**Konseptet er under utarbeiding i tida torsdag 15.august, fredag 16.august, laurdag 17.august i Trivselshagen og Gloppen Hotell på Sandane. I tillegg kjem konsertar hausten 2019 i Førde, Sogndal og Sandane som går inn som ein del av Glopperock festivalen 2019.**»

Budsjett for Glopperock 2019 er vedlagt søknaden: I budsjett arket står det i overskrifta: «**BUDSJETT GLOPPEROCK FESTIVALEN, SANDANE 15 til 17.august 2019 Konsert turne i Sogn og Fjordane november 2019** I søknaden står det: « **Budsjettet balanserer på ca.kr.1.150.000.- i totalomsetning, ca. 2000 besøkande med konsertar i august og november.**»

I søknaden vår står også: «**Vi skal ha turne med Eggum & Sivertsen november 2019 i Førdehuset, Sogndal Kulturhus og Trivselshagen, Sandane.**»

Glopperock 2019 har budsjetterte konsertar på Sandane 15 til 17 august og konsert turne med Eggum & Sivertsen i Førde 13.november, Sogndal 14.november og Sandane 15 november og rekneskapsoppstillinga for Glopperock festivalen 2019 vil innehalde alle desse 6 konsertdagane.

Konsertar utanfor hovudarrangør kommunen er noko som også Førdefestivalen og Gloppen Musikkfest gjer med tilskot frå det offentlege.

Geografisk nedslagsfelt:

- * Glopperock vert gjennomført i kommunane Gloppen med «satellitt konsertar» i Førde og Sogndal
- * Vi har publikum frå heile Sogn og Fjordane.
- * Deltakar/artistar frå Gloppen, Eid, Selje, Oslo, Førde, Ålesund.
- * Arrangørar / personell / styremedlemmer for tiltaket er frå Gloppen, Førde, Bergen og Sogndal.

Økonomisk resultat så lagt med 3 konsertdagar på Sandane syner eit underskot, det meste kjem frå ungdomskonserten torsdag 15 august med ca. kr. 60.000.- i underskot.

Gloppen Musikkforum vonar de tek desse momenta med i klaga og gjev oss støtte til konsertane under Glopperock festivalen 2019, og spesielt ungdomskonserten med dei unge artistane Vidar Villa, Oselie og Kristianne.

Med helsing for styret i musikkforeininga

**GLOPPEN MUSIKKFORUM arrangerer av
GLOPPEROCK FESTIVALEN 2019.**

Remi Tystad
Festivalsjef.
Sign.

Øyvind Aasen Gloppestad
Styremedlem
Sign.